



SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
57/2022	Formannskap/plan- og økonomiutvalet	PS	31.05.2022
60/2022	Kommunestyret	PS	14.06.2022

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Stian Reime	FE-223, FA-L02, HistSak-15/320	22/664

STAMNES SENTRUM - SØKNAD OM TILSKOT TIL UTVIKLING AV KAIOMRÅDET

Vedlegg:

Søknad om tilskot til kaiområdet Stamnes
Underlag til søknad for Stamnes sentrum

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kommunen treng meir informasjon om tiltaket og finansiering før søknaden kan behandlast. Stamnes Handel AS og kommunen utarbeider ein intensjonsplan om tilskot når planar, avtalar og finansiering er tilstrekkeleg dokumentert. Intensjonsplanen vert lagt fram for formannskapet til godkjenning.

Søknad om fritak frå tilkoplings- og vassavgift vert avslått, jmf. Lov om kommunale vass- og avløpsanlegg. Førespurnad om opparbeiding av landstraum og ny skiltplan i kommunal regi vert avslått.

Formannskap/plan- og økonomiutvalet - Sak 57/2022

FPØ - Behandling:

På vegner av Sp,SV og Høgre la Amalie Johnsen Lunde, H fram følgjande forslag til vedtak:

1. Kommunen treng meir informasjon om tiltaket og finansiering før søknaden kan behandlast. Stamnes Handel AS og kommunen utarbeider ein intensjonsplan om tilskot når planar, avtalar og finansiering er tilstrekkeleg dokumentert. Intensjonsplanen vert lagt fram for formannskapet til godkjenning.
2. Søknad om fritak frå tilkoplings- og vassavgift vert avslått, jmf. Lov om kommunale vass- og avløpsanlegg.
3. Kommunen er positiv til opparbeiding av landstrøm og ny skiltplan i kommunal regi. Kommunestyret ber om å få framlagt ei sak med kostnadsoverslag for opparbeiding av landstraum. I

samme sak skal ein vurdere ulike alternativ til regler for å leggje til kaien, inkludert løysingar for krevje avgift for å leggje til i lengre tidsperioder.

Formannskapet drøfta saka.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart sett opp mot fellesforslaget. Fellesforslaget vart samrøystes vedteke

FPØ - Tilråding/Vedtak:

Formannskapet si innstilling til kommunestyret:

1. Kommunen treng meir informasjon om tiltaket og finansiering før søknaden kan behandlast. Stamnes Handel AS og kommunen utarbeider ein intensjonsplan om tilskot når planar, avtalar og finansiering er tilstrekkeleg dokumentert. Intensjonsplanen vert lagt fram for formannskapet til godkjenning.
2. Søknad om fritak frå tilkoplings- og vassavgift vert avslått, jmf. Lov om kommunale vass- og avløpsanlegg.
3. Kommunen er positiv til opparbeiding av landstrøm og ny skiltplan i kommunal regi. Kommunestyret ber om å få framlagt ei sak med kostnadsoverslag for opparbeiding av landstraum. I samme sak skal ein vurdere ulike alternativ til regler for å leggje til kaien, inkludert løysingar for krevje avgift for å leggje til i lengre tidsperioder.

Kommunestyret - Sak 60/2022

KOM - Behandling:

Renathe Vik, Sp, stilte spørsmål ved sin habilitet i saka, som styremedlem i Stamnes Handel AS. Kommunestyret vedtok samrøystes at Renathe Vik er ugild i medhald av fv.l. § 6 e) punkt 1. Ugild når vedkomande er medlem av styret.

Formannskapet si innstilling vart samrøystes vedteke.

KOM - Tilråding/Vedtak:

1. Kommunen treng meir informasjon om tiltaket og finansiering før søknaden kan behandlast. Stamnes Handel AS og kommunen utarbeider ein intensjonsplan om tilskot når planar, avtalar og finansiering er tilstrekkeleg dokumentert. Intensjonsplanen vert lagt fram for formannskapet til godkjenning.
2. Søknad om fritak frå tilkoplings- og vassavgift vert avslått, jmf. Lov om kommunale vass- og avløpsanlegg.
3. Kommunen er positiv til opparbeiding av landstrøm og ny skiltplan i kommunal regi. Kommunestyret ber om å få framlagt ei sak med kostnadsoverslag for opparbeiding av landstraum. I samme sak skal ein vurdere ulike alternativ til regler for å leggje til kaien, inkludert løysingar for

krevje avgift for å leggje til i lengre tidsperioder.

Saksopplysningar:

Samandrag/konklusjon (kort om saka)

Stamnes Handel AS har søkt om tilskot til utvikling av kaiområdet i Stamnes sentrum. Det er søkt om utløyning av tidlegare budsjettert 1,2 MNOK til utvikling av sentrumsområdet. Kommunen har behov for meir informasjon om planar, leigeavtalar og finansiering før ein kan behandle søknaden. Det vert tilrådd å inngå ein intensjonsavtale i påvente av vidare planlegging og dokumentasjon.

Bakgrunn for saka

Kommunestyret har tidlegare sett av budsjettmidlar til utvikling av Stamnes sentrum i budsjettvedtak for 2014/15. Av desse midlane står det per i dag att om lag kr. 1,2 MNOK.

Tidlegare har Stamnes Handel AS søkt om midlar for etablering av drivstoffanlegg på kaiområdet i Stamnes sentrum. Søkjar har no revidert desse planane og ynskjer ikkje lenger å etablere drivstoffanlegg. Dei ynskjer å konsentrere seg om utviding av dagens kaianlegg i tilknytning til den gamle ferjekaien.

Vaksdal kommune har motteke revidert søknad om tilskot for utvikling av Stamnes sentrum. Stamnes Handel AS (SHAS) står som avsendar på søknaden. SHAS vart etablert i 2013 med formål å drifte den lokale daglegvarebutikken i Stamnes sentrum. Selskapet er i dag eigd av om lag 200 eigarar. Dei fleste er busette i og rundt Stamnes. Selskapet representerer såleis ein stor andel av innbyggjarane rundt Stamnes sentrum. I søknad og dialog med Vaksdal kommune har SHAS vore representert ved styreleiar.

Søknaden om tilskot er todelt. Fyrste delen er direkte knytt til gjenstående midlar avsett til utvikling av Stamnes sentrum. Her vert det søkt om 1,2 MNOK til delvis dekning av kostnader knytt til utviding av kaianlegg. Søkjar sitt kostnadsoverslag for dette arbeidet er sett til 2,3 MNOK.

SHAS har ikkje framlagt budsjett med kalkylar for kommunen. Det er munnleg informert om at det er innhenta prisoverslag/kalkyle frå entreprenør. Kommunen har ikkje motteke dette.

Konkret søker dei tilskot til midlar for utviding av kaianlegget som er i tilknytning til den gamle ferjekaien i Stamnes sentrum (Hedlo). Motteken søknad og vedlegg er lagt ved saka.

Det er planlagt betongkonstruksjon/kai i sjø ut til eksisterande konstruksjonar etter ferjedrifta. Søkjar ynskjer samstundes å kople saman eksisterande kai med nytt kaianlegg slik at denne vert samanhengande og einsarta. I dette arbeidet er det også skissert tilrettelegging og tilkopling av vatn og straum på kaien, slik at dette er tilgjengeleg for innbyggjarar og besøkjande. Det er på sikt ein plan om å etablere servicebygg på staden.

I tillegg til søknad om tilskot søker SHAS også om fritak frå tilkoplingsavgift og vassavgift for ferskvatn på kaien. SHAS ber også om at kommunen påtar seg å dekkje kostnadene ved etablering av landstraum til båtar. Til slutt ber dei om at kommunen etablerer ny skiltplan for området, der ein fjernar dagens skilt og etablerer betalingsløyning for bruk av kai.

Formelt grunnlag

Søknad frå Stamnes Handel AS
Tidlegare løyvingar til Stamnes sentrum

Vurdering og konsekvensar

I dialog med søkjar SHAS, har kommunen bede om meir detaljert underlag til søknaden. Kommunen har mellom anna bede om meir detaljerte skisser og visualiseringar av tiltaket, som synleggjer prosjektet på ein god måte. Me har også bede om eit utarbeida budsjett for prosjektet med tilbod/kalkyle frå entreprenør og finansieringsplan for restbeløp.

I tillegg til dette har me bede om skriftlege avtalar om naudsynte leigeforhold, då spesielt med omsyn på leige av naudsynt privat grunn for å kunne gjennomføre prosjektet slik det ligg føre. Då gjerne i form av allereie inngåtte leigeavtalar eller intensjonsavtalar, som skildrar rettar og plikter. Noko av arealet er kommunal grunn.

Kommunen har diverre ikkje motteke den etterspurde informasjonen. Søkjar grunnjev dette med at SHAS ikkje ynskjer å bruke midlar på prosjektet før ein har fått innvilga søknad om midlar. Det er forståeleg at søkjar ikkje ynskjer å bruke midlar, som vil vere tapte kostnader ved eventuelt negativt utfall på søknaden, men samstundes gjev dette utfordringar for kommunen. Me vil ikkje kunne danne oss eit fullgodt bilete av søknaden for å kunne gje ei god tilråding vedrørande søknad om tilskot på 1,2 MNOK.

I tillegg til søknad om tilskot har også SHAS søkt om fritak frå tilkoplingsavgift og vassavgift, og har bede om at kommunen etablerer landstraum kostnadsfritt og i tillegg ny skiltplan.

Kommunen har ikkje høve til å gje fritak frå tilkoplingsavgift og vassavgift. Jmf. Vann- og avløpsrett kap. 3.1.1.2: «*Det er bare ubebygd eiendom som kan fritas for avgift. Det ble i Ot.prp. nr. 58 ikke åpnet adgang til å frafalle eller nedsette utlignet avgift, for eksempel av billighetsgrunner.*» [Guttorm Jakobsen] Vatn og avlaup har lovfesta sjølvkostprinsipp der kvar søker betaler det tenestene kostar, verken meir eller mindre.

Når det gjeld dei to siste punkta vedrørande landstraum og skilt ser kommunen dette som ein naturleg del av prosjektet og utvikling av Stamnes sentrum. Det vil difor vere høveleg at også desse kostnadene vert innlemma som del av prosjektet sin finansieringsplan for Stamnes kai. Landstraum er heller ikkje tilstrekkeleg utgreia i forkant, slik at ein kan gje ei fagleg tilråding, med omsyn til gjennomføring, kostnader, risiko og moglegheiter. Ny skiltplan kan ikkje gjennomførast før kommunen har etablert og vedteke retningslinjer for bruk og forvaltning av området det gjeld.

Kommunen har behov for meir forpliktande informasjon om tiltaket, avtalar og finansiering før me kan behandle søknaden om tilskot. 1,2 millionar er ein stor sum. Eventuelt kan det utformast ein intensjonsplan om tilskot i påvente av at kommunen sine krav er innfridd. Det kan gje søkjar tilstrekkeleg sikkerheit i vidare planlegging.

Kommunedirektøren rår til vente med tildeling av midlar til ein har motteke ein meir komplett søknad med planar og etterspurd informasjon og underlag. Partane utarbeider ein intensjonsplan om tilskot når planar, avtalar og finansiering er tilstrekkeleg dokumentert. Intensjonsplanen vert lagt fram for formannskapet til godkjenning.

Kommunedirektøren rår til å avslå søknad om fritak frå tilkoplings- og vassavgift jmf. Lov om kommunale vass- og avløpsanlegg. Vidare rår kommunedirektøren til å avslå førespurnad om opparbeiding av landstraum og ny skiltplan i kommunal regi.

